

Ein tur på djupe og velbrukte stigar

Ta til venstre ved ferista ved Holu Ferieheim og følg vegen bort til eit nedlagt grustak. Stigen er mykje brukt og difor tydeleg i terrenget. Ver merksam på stor søledysse midtvegs!

Stigen går opp til Stokksend, men stigen til Kyrhovda tek av like før du ser Stokksendvatnet. Følg stigen ned til elva og ei såkalla «gidde», som er ei bru av 2 stokkar med nokre plankar på tvers. Deretter går stigen til skrå oppover Stokksendlia, stigen er mykje brukt, og stadvis nokså djup.

Dette var bufarvegen for bøndene på Tune og Nordre Strand då dei skulle til langstølane på Stokksend, Djupedal og Skjelfet. Etter utskiftinga kring 1935 for Strandaåsen og Stokksend vart stølane omlagde slik at kvar gard fekk éin støl, mot tre-fire slik det var vanleg.

Like før stigen kjem opp til Langesendhovdene, og stølsgrenda Fekjastølane – Fekja er fl.tal av fet, ei rund grasslette –, tek stigen av til høgre og bortover dei høgaste randane på Langesendhovdene.



Foto: Bård Svardal



Holu inst i Kvinnegardslia.



God parkering ved Holu.




6–7 km i bjørkeskog/snaufjellterreng.



Ei lita hole ved Langesendhovdene.



Midtlies passerer stigen ei djup søledysse. Hopp over!



For meir detaljert kart sjå: Reineskarvet, 1:50 000

Kyrhovda er den vestre av desse, den med stor varde på. Ved den fyrste toppen du kjem til ligg nokre store steinblokkar. Ved å gå av stigen rundt desse steinane kjem du til ei fin lita hole. Høgdepartiet innanfor (retning sør) heiter Geitekyrkja. Kyrhovda ligg litt lenger vest, her er det godt utsyn og eit merkepunkt på kart.

Langesend er langstølane til Reintongardane i Hol.

